

HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

MØTEINNKALLING

Utval: Formannskapet
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 04.07.2017
Tid: 13:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Fosnavåg, 27.06.17

Arnulf Goksøyr
ordfører

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 104/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 105/17	Protokoll frå førre møte
PS 106/17	Delegerte saker
PS 107/17	Referatsaker
PS 108/17	U.off. § 13 - Søknad om førehandsgodkjenning av startlån og tilskot til etablering
PS 109/17	Kommunedelplan for Herøy - Hamneplan 2017-2027: Stadfesting av planprogram.
PS 110/17	Oppstart på detaljreguleringsplan - Forslag til planprogram for offentlig høyring
PS 111/17	Mindre vesentleg reguleringsendring, Røyra 2.
PS 112/17	Uttale til ruteendringsprosessen 2018 for ferje- , hurtigbåt og bussruter
PS 113/17	Opningstid ved rådhuset sommaren 2017
PS 114/17	Avtale om masseuttak og knusing av stein på Mjølstadneset industriområde

Referatsaker

RS 72/17	Referat 190617 - Sande, Vanylven og Herøy.
RS 73/17	Korrigert utskrift møteprotokoll kontrollutvalet - HE 02-17 sak 16-17 Kommunerekneskapen med årsmelding 2016
RS 74/17	Endring i organisasjonen - politiet
RS 75/17	Rapport for 1. tertial 2017 - Tussakonsernet
RS 76/17	Utskrift frå møteprotokoll 22.05.2017 kontrollutvalet
RS 77/17	Takk for meg!
RS 78/17	Detaljregulering gang- og sykkelveg Dragsund-Garnes - Innspel til varsel om oppstart
RS 79/17	Vinmonopolet - årsrapport og rekneskap 2016
RS 80/17	Tilsynsrapport med varsel om tre vedtak.
RS 81/17	Orientering om status for prosjekt 51405 - Almenningen

Delegerte saker frå avdelingane

- DS 17/17 Skjenkeløyve - søknad om løyve for eit bestemt arrangement (lukka arrangement)
- DS 18/17 Sal og skjenkebevilling - søknad om å ta skjenkebevilling ut av lokalet for ei bestemt anledning (ope arrangement) Sommarfestival 2017.

PS 104/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 105/17 Protokoll frå førre møte

PS 106/17 Delegerte saker

PS 107/17 Referatsaker



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/1525
		Arkiv:	141

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
109/17	Formannskapet	04.07.2017

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY - HAMNEPLAN 2017-2027: STADFESTING AV PLANPROGRAM.

Tilråding:

Formannskapet stadfestar, i medhald av plan- og bygningslova § 12-9, planprogram til kommunedelplan for Herøy – Hamneplan 2017-2027.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune
Kystverket, region midt
Fiskeridirektoratet
Herøy fiskarlag
Statens vegvesen, region midt

Vedlegg:

- Planprogram
- Innkomne innspel til varsel om oppstart og forslag til planprogram for offentlig ettersyn

Samandrag av saka:

Hamneplan for Herøy – Kommunedelplan for fiskerihamner m. v. (2000) er moden for revidering, særleg handlingsprogrammet. Planen frå 2000 tek føre seg situasjonen kring organisering og drift i hamnene, hamnetilbod, trafikkgrunnlag, framtidige behov, nasjonal og regional status, miljø m. m. Farled gjennom kommunen er også skildra.

Målsetning i eksisterande kommunedelplan for fiskerihamner m. v (2000):

«Målsetjinga med hamneplanen er å sikre ei framtidsretta utvikling av hamnefunksjonane i kommunen og å legge forholda til rette for ei samordna utbygging av hamner og hamneanlegg. Hamneplanen skal ha status som kommunedelplan etter Plan- og bygningslova og framlegg til arealbruk og handlingsprogram vil såleis vere retningsgjevande ved rullering av kommuneplanen for Herøy. Tiltak og konklusjonar eller i planen vil også danne basis for dei årlege behandlingane av økonomiplan og budsjett».

Kommunedelplan for Herøy – Hamneplan 2017-2027 skal fungere som eit overordna styringsverktøy for prioritering av tiltak knytt til utvikling og drift av hamner og farled i kommunen.

Planprogrammet skisserer førebels følgjande målsetningar:

- Revisjon av handlingsprogrammet i kommunedelplanen.
- Gjere opp status for hamnene (FDV).
- Analysere og planlegge framtidige behov for hamnene i kommunen.

Saksopplysningar:

Forslag til planprogram var oppe til behandling i MTK 13.02.2017. Kommunestyret behandla saka på møtet 09.03.2017 og gjorde vedtak om oppstart og offentlig ettersyn av forslaget til planprogram i seks veker. Høyringsfristen vart sett til 28. april 2017 og det kom inn tre brev med innspel.

Statens vegvesen	Ingen særskilde merknader
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkesmannen stadfestar at kommunedelplanen skal omhandle hamner (inkludert fiskerihamner), farled og innseglingar. Fylkesmannen minner om at kommuneplanen sin arealdel legg viktige rammer og føringar for hamneplanen
Fiskeridirektoratet, region midt	Fiskeridirektoratet er nøgde med eit informativt og oversiktleg forslag til

	planprogram. Fiskeridirektoratet meiner vidare at det er positivt at det er tenkt utarbeidd miljøstatus på hamnene. I forbindelse med kystverket sitt prosjekt med avhending av fiskerihamner meiner fiskeridirektoratet at det er viktig å følge med på denne prosessen i det vidare planarbeidet.
--	---

Endringar i forslag til planprogram:

Det er gjort følgjande justeringar i teksta til planprogrammet:

1. Ein går vekk i frå å dele det vidare planarbeidet inn i delrapportar.
2. Under kapitlet om medverknad er punktet om “ope møte” endra til “møte med brukarane av hamnene”.

Fosnavåg, 20.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann


Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

KOMMUNEDELPLAN FOR HERØY

-

**Hamneplan
2017-2027**



PLANPROGRAM

20.06.2017

1. Planprogram

Dette planprogrammet skal vere eit verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og utredningsbehov, samt skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført.

Interesserte vert bedne om å kome med innspel og synspunkt til planprogrammet gjennom offentlig ettersyn før det vert fastsett av Formannskapet. Etter at det endelege planprogrammet er vedteke, skal arbeidet med revisjon av kommunedelplan for hamn fullførast.

2. Planarbeidet sitt formål

Kommunedelplanen for hamn er ei revidering av gjeldande hamneplan frå 2000. Det er naudsynt å gjere ei fullstendig revidering av planen.

Hamnene i Herøy legg grunnlaget for mykje av verdiskapinga i kommunen. Det er difor av høgste interesse for kommunen å oppdatere kommunedelplanen slik at den er i samsvar med dagens situasjonsbilete og kan legge til rette for ei god utvikling også i framtida. Hamneplanen skal understøtte kommuneplanen sin overordna visjon og målsetningar.

Fylgjande mål vert lagt til grunn i revideringa av kommunedelplanen:

- Revisjon av handlingsdelen (handlingsprogrammet).
- Gjere opp status på FDV for hamnene i Herøy kommune.
 - o Organisering og drift.
 - o Tilbod og bruk av hamnene.
 - o Trafikk til og frå hamnene.
 - o Miljøstatus i hamnene.
 - o Oppdatere kart over hamnene.
- Utarbeide analyser og plan over kva behov det er for hamnene i kommunen i framtida.
 - o Areal.
 - o Infrastruktur.
 - o Finansiering.
 - o Organisering.

3. Rammer og føringar

Kommunedelplan hamn skal vere ein overordna plan for hamnene i kommunen. I planarbeidet og drifta vil det vere fokus på å vidareutvikle fiskerihamnene i kommunen som blant dei viktigaste i landet i samarbeid med statlege og fylkeskommunale myndigheiter. Hamne- og farvasslova, forurreiningslova og plan- og

bygningslova vil vere viktige føringar for ein berekraftig plan og dannar viktige rammer for drift. Kommuneplanen sin arealdel vil legge eit overordna grunnlag for planleggingsfasen.

4. Planavgrensing

Kommunedelplanen vil omhandle hamner (inkludert fiskerihamner) med farled og innseglingar. Planområdet omfattar difor heile Herøy kommune. Småbåthamner er ikkje inkludert i kommunedelplanen.

- Vedlegg 1. Kart over hamner i Herøy kommune.
- Vedlegg 2. Kart over farled (hovudled og biled).

5. Planperiode

Kommunedelplanen vert utarbeidd med handlingsprogram for perioden 2017-2027. Langsiktige løysingar med tanke på drift og utbygging i hamnene vert lagt til grunn for planperioden på 10 år. Det er lagt opp til at status og handlingsprogram vert rullert kvart fjerde (4.) år.

6. Viktige utfordringar

Desse vert vurdert til dei viktigaste utfordringane i samband med planen:

- Sikre tilstrekkeleg medverknad frå grunneigarar, brukarar og andre interesserte.
- Sikre at bakgrunnsinformasjon i planen vert oppdatert (status, kart m.m.)
- Sikre ein heilskapleg og berekraftig plan som inkluderer behova til befolkning og næringsliv i kommunen.

7. Planlagde utgreiingar

Hovudoppgåva i revideringa av kommunedelplanen hamn vil vere å oppdatere handlingsprogrammet. Status og framtidige målsetningar må også reviderast i planarbeidet.

8. Kommunedelplan hamn

Kommunedelplanen vil innehalde:

- Rammevilkår, status og målsetningar.

- Handlingsprogram
- Kartvedlegg.

Revideringa skal vere ei oppdatering av eksisterande kommunedelplan og skal først og fremst oppdatere handlingsprogrammet og status. Planen skal vidareføre ei berekraftig drift og forvaltning av hamnene i Herøy. Revideringa vil vere gjenstand for høyring og politisk handsaming.

9. Samfunnstryggleik

Det skal utførast risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) i revideringa av kommunedelplanen for å vurdere potensielle uønskte hendingar og konsekvensane av desse i høve samfunnstryggleik. ROS-analysen vil vere basert på tilgjengeleg informasjon og gjennomførast i tråd med gjeldande lovverk.

10. Konsekvensutgreiing

I samband med revisjon av hamneplanen ser ein ikkje at det medfører krav om konsekvensutgreiing. Revideringa i seg sjølv vil ikkje utløyse krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiing §§ 2, 3 og 4.

11. Organisering og medverknad

Fagleg innhald: Samfunnsutvikling ved planavdelinga.

Utviklingsavdelinga vil vere ansvarleg for utarbeiding av planen og syte for at planprosessen er i tråd med plan- og bygningslova.

Det vert lagt opp til informasjon og moglegheiter for innspel på fylgjande måte:

- Varsel om oppstart vert annonsert og forslag til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn etter pbl. § 11-13. Det vert mogleg å kome med innspel til både planprogram og planarbeidet generelt. Alle merknader/innspel som kjem inn innan fristen vert teke med i kommunen si vurdering når planprogrammet skal fastsetjast.
- Møte og dialog med brukarane av hamnene om kommunedelplanen.
- Kommunedelplanen vil vere gjenstand for høyring og offentleg ettersyn etter pbl. § 11-14 med moglegheiter for å kome med innspel før politisk handsaming. Innkomne innspel vert vurdert og kommentert i saksframlegg i samband med politisk handsaming.

12. Framdriftsprosess

Aktivitet	Mai-juni.		Juli-aug.		Sept.-okt.		Nov.-des.		Jan. – feb 2018		Mars – april 2018	
Politisk handsaming. Fastsetting av planprogram.												
Utarbeiding av forslag til revidert kommunedelplan hamn.												
Politisk vedtak. Revidert kommunedelplan til høyring og o.e.												
Høyring og offentlig ettersyn.												
Innstillingsvedtak av Formannskapet.												
Vedtak av revidert kommunedelplan for hamner av Kommunestyret.												

Tabellen for framdrift er å rekne som tentativ, endringar må påreknast.



Statens vegvesen



**Møre og Romsdal
fylkeskommune**

Herøy kommune i Møre og Romsdal
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Behandlande eining:
Region midt

Sakshandsamar/telefon:
Hallvard Sæverud / 93260501

Vår referanse:
17/39366-2

Dykkar referanse:
2016/1525

Vår dato:
20.04.2017

Herøy kommune – Hamneplan – 2017–2027 – Uttale

Viser til brev av 13.3.2017 frå Herøy kommune med varsel om oppstart av revidering av kommunen sin hamneplan 2017–2027 og framlegg til planprogram.

Vi har ikkje særlege merknader/innspeil til varsla planarbeid og framlegget til planprogram.

Plan- og trafikkseksjonen
Med helsing

Lisbeth Smørholm
seksjonssjef

Hallvard Sæverud

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 MOLDE

Møre og Romsdal fylkeskommune har ansvaret for fylkesvegane, avgjør hvilke prosjekter som skal gjennomføres hvert år og gir politiske føringer for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegger, bygger, drifter og vedlikeholder fylkesvegane på vegne av fylkeskommunen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region midt
Postboks 2525
6404 MOLDE

Telefon: 02030
firmapost-midt@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Vestre Olsvikveg 13
6019 ÅLESUND

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Herøy kommune

Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Adm.enhet: Forvaltningsseksjonen i region
Midt

Saksbehandler: Ole Einar Jakobsen

Telefon: 94135463

Vår referanse: 17/4357

Deres
referanse: 2016/1525

Dato: 03.04.2017

Att: Erlend Sporstøl Vikestrand

Herøy kommune Møre og Romsdal - Uttalelse til varsel om oppstart og høring av planprogram for hamneplan 2017-2027

Vi viser til oversendelse fra Herøy kommune datert 13.03.2017 med varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram for kommunedelplan «Hamneplan 2017-2027».

Fiskeridirektoratets ansvar og medvirkning

Fiskeridirektoratet er myndighetenes rådgivende og utøvende organ innen fiskeri- og havbruksforvaltning i Norge, og er ansvarlig for forvaltningen av de levende marine ressursene. Vår oppgave i arbeidet med marin arealforvaltning er å ivareta fiskeri- og havbruksnæringens interesser i planprosesser i kystsonen, herunder ivaretagelse av marint biologisk mangfold, ved å tilstrebe en balansert og bærekraftig utnyttelse av kystsonen.

Fiskeridirektoratets regioner skal ivareta disse interessene i det regionale og lokale planarbeidet.

Formål og planstatus

Formålet med planarbeidet er å rullere og oppdatere kommunedelplanen slik at den er i samsvar med dagens situasjon og kan legge til rette for en god utvikling også i fremtiden. Hamneplanen skal understøtte kommuneplanens overordnede visjon og målsettinger.

Kommunedelplanen for hamn er en revidering av gjeldende havneplan fra 2000.

Generelt om planprogrammet

Planprogrammet er informativt og oversiktlig. Det kommer klart frem hva som er formålet med planarbeidet og hvordan organisering og medvirkning skal gjennomføres. Viktige utfordringer er beskrevet, samt fremdriftsprosessen.

Vi vurderer det som positivt at det blant annet skal utarbeides miljøstatus i havnene, samt analyser og plan over hvilke behov det er for havnene i kommunen i fremtiden.

Innspill fra Fiskeridirektoratet region Midt

Herøy kommune har i dag 12 havner definert som fiskerihavner av Kystverket. Kystverket jobber fortsatt med det nasjonale prosjektet for avhending av «ikke næringsaktive» fiskerihavner. I 2011 var vår uttalelse til vurdering av avhending at Skorpa og Kopparstad fiskerihavner i Herøy kunne avhendes. Røyrasundet er i ettertid kommet inn på listen over fiskerihavner. I forbindelse med en ny gjennomgang av fiskerihavnene i kommunen er det naturlig å vurdere denne for avhending, samt andre på nytt ut frå næringsaktivitet, infrastruktur og behov.

Fiskeridirektoratet region Midt har ut over dette ingen merknader til forslaget til planprogram for hamneplan 2017-2027.

Med hilsen

Kristin Skarbøvik
seksjonssjef

Ole Einar Jakobsen
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og sendes uten håndskreven underskrift

Mottakerliste:

Herøy kommune	Postboks 274	6099	FOSNAVÅG
---------------	--------------	------	----------

Kopi til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Kystverket Midt-Norge	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE



Herøy kommune
Pb. 274
6099 Fosnavåg

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2016/1525	Saksbeh.
- 2 MAI 2017	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	Drnk. nr.
Kassasjon	

Herøy kommune
Hamneplan 2017 - 2027
Oppstart - høyring av planprogram

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Generelt

Planprogrammet skal vere et verktøy for å sikre tidleg medverknad og avklaring av viktige omsyn som må takast i arbeidet med revidering av eksisterande kommunedelplan hamn. Det skal angi føremålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og utgreiingsbehov, og skildre korleis planarbeidet er tenkt gjennomført. Koplingar og tilpassingar til overordna kommuneplan står sentralt. Kommuneplanens arealdel vil m.a. her kunne gi viktige rammer og føringar for det vidare arbeidet.

Kommunedelplanen vil omhandle hamner (inkludert fiskerihamner) med farled og innseglingar. Vi legg til grunn at planen er for allereie eksisterande hamner.

Natur- og miljøvern

Når det gjeld avfallsplaner for hamner, viser vi til forureiningsforskrifta kap. 20, ang. levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip.

KONKLUSJON

Vi har ingen fleire merknader til planprogrammet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f)
samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	ERLEVIK	Arkivsaknr:	2016/1407
		Arkiv:	L13

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
110/17	Formannskapet	04.07.2017

OPPSTART PÅ DETALJREGULERINGSPLAN - FORSLAG TIL PLANPROGRAM FOR OFFENTLEG HØYRING

Tilråding:

1. Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 12-3 og 12-8 å varsle oppstart på detaljreguleringsplan for Eggesbønes, Paradisbukta gnr. 38, bnr. 8 m. fl.
2. Formannskapet vedtek å legge forslag til planprogram ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Kystverket
Statens Vegvesen
Fiskeridirektoratet
Mattilsynet
Herøy fiskarlag
Johannes Eggesbø

Marine Harvest Norway AS
Prosteel AS
Kace AS

Vedlegg:

- [Forslag til planprogram](#)

Samandrag av saka:

Bakgrunnen for planarbeidet er at Herøy kommune ønskjer å legge til rette for eit utvida næringsareal med tilhøyrande kaianlegg til Marine Harvest Norway AS sin eigedom på Eggesbønes. Før ei utbygging kan ta til ligg der føre krav om detaljreguleringsplan for området. Marine Harvest er i dag ei veksande bedrift som gir mange arbeidsplassar og viktige inntekter til kommunen. I tillegg ønskjer Herøy kommune å legge til rette for fritidsbustader i den sørvestlege delen av planområdet.

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing. Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. forskrifta, § 2, bokstav d) og f. Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd.

Saksopplysningar:

Hovudmålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av nytt industriareal og kaianlegg på Eggesbønes. Det skal planleggast for utfylling i sjø og utplanering til nytt næringsareal. Arealet er tiltenkt å knytast til eksisterande industri (anlegget til Marine Harvest Norway AS). Det er allereie fylt ut noko masse i sjøarealet sør og søraust for Eggesbønes.

Detaljreguleringsplanen vil omfatte areal både på land og i sjø.

Vurdering og konklusjon:

Forslag til planprogram er kort og konsist og legg vekt på ei skildring av måla med planarbeidet. Vidare tek det føre seg aktuelle problemstillingar knytt til planarbeidet og til sjølvse tiltaket. Aktuelle tema som må utgreiast nærmare i planarbeidet er nemnt, samt ei førebels tidsramme for planarbeidet.

Fosnavåg, 02.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Erlend Sporstøl Vikestrand

**DETALJREGULERINGSPLAN FOR GNR.38 BNR.8 MFL.,
EGGESBØNES I HERØY KOMMUNE**

**(TILRETTELEGGING FOR ETABLERING AV NYTT NÆRINGSAREAL
OG KAIANLEGG)**



FORSLAG TIL PLANPROGRAM

2017

HERØY KOMMUNE

Innhold

1 Innleiing	3
1.1 Bakgrunn for planarbeidet.....	3
1.2 Formål med planarbeidet	3
1.3 Planstatus	3
1.4 Plangrense	4
2 Planprosess.....	5
2.1 Forslag til framdrift	5
2.2 Medverknad	6
2.3 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram	6
2.4 ROS-analyse.....	6
3. Skildring av planområdet	7
3.1 Lokalisering.....	7
3.2 Arealbruk.....	7
3.3 Landskap	7
3.4 Vegetasjon, dyre- og planteliv	8
3.5 Kulturminne og kulturmiljø.....	8
3.6 Landskap og jordvern.....	8
3.7 Forureining (støy, luft og vatn)	8
3.8 Lokalklimatiske forhold.....	9
3.9 Risiko for havnivåstigning	9

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Bakgrunnen for planarbeidet er at Herøy kommune ønskjer å legge til rette for eit utvida næringsareal med tilhøyrande kaianlegg til Marine Harvest AS si tomt på Eggesbønes. Marine Harvest er i dag ei veksande bedrift som gir mange arbeidsplassar og viktige inntekter til kommunen. I tillegg ønskjer Herøy kommune å legge til rette for fritidsbustader i den sørvestlege delen av planområdet.

1.2 Formål med planarbeidet



Hovudmålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan som legg til rette for etablering av nytt industriareal og kaianlegg på Eggesbønes. Det skal planleggast for utfylling i sjø og utplanering til nytt næringsareal. Arealet er tiltenkt å knytast på eksisterande industri (anlegget til Marine Harvest AS). Det er allereie fylt ut noko masse i sjøarealet sør og søraust for Eggesbønes. Detaljreguleringsplanen vil omfatte areal både på land og i sjø.

Formålet med planprogrammet er å avklare følgjande:

- Synleggjere og avklare kva problemstillingar som er vesentlege i høve til miljø, naturressursar og samfunnsinteresser.
- Kva tema som krev ytterlegare kartlegging og utgreiing.
- Avklare kva tema konsekvensutgreiinga skal ta føre seg og sette søkjelys på

1.3 Planstatus


Området som skal regulerast omfattar del av gjeldande reguleringsplan for "*Eggesbønes aust, industriområde*" (godkjend 03.07.2002, plan ID 200202). Resterande areal er lagt ut til formåla "*Næringsbebyggelse*" og "*Landbruk, natur og friluftsmål*" i kommuneplanen sin arealdel (godkjent 30.10.20104. plan ID 201250) (figur 1).



Figur 1. Utsnitt frå gjeldande reguleringsplan (ID 200202) "Eggesbønes aust, industriområde" (øvt) og kommunen sin arealdel (id 201250).

1.4 Plangrense

Planområdet er avgrensa som vist på kartutsnittet i figur 2 nedanfor (blå linje). Området er på om lag 420 daa og inkluderer store sjøareal.



Figur 2 Oversikt over planområdet i detalj. Plangrense i blå linje

2 Planprosess

2.1 Forslag til framdrift

Varsel om oppstart av reguleringsplan og utlegging av planprogram skjer i juni 2017. Det er per i dag skissert følgende framdrift for planarbeidet:

Tidsplan (førebels)	Aktivitet
Juni – august 2017	Planprogram med varsel om oppstart vert sendt på høyring i minst seks (6) veker.
September 2017	Justering av planprogram – vedtak i kommunestyret.
Juni- oktober 2017	Utarbeiding av konsekvensutgreiing og reguleringsplan.
November- desember 2017	Sakshandsaming – reguleringsplan (med KU) til offentlig ettersyn (i seks (6) veker).
Desember - januar 2018	Offentleg ettersyn.
Februar 2018	Revisjon av planforslaget etter høyring.
Mars-april 2018	Vedtaksprosess. Handsaming i formannskap og kommunestyre.

Skissert framdriftsplan er å rekne som førebels. Justeringar vert gjort undervegs i planarbeidet.

2.2 Medverknad

Det vert lagt opp til medverknad på fleire nivå under planprosessen. Ein ønskjer god kontakt med fylkeskommune, fylkesmann og andre regionale mynde og høyringsorgan, berørte partar, interessegrupper og andre.

Annonsering av oppstart av planarbeidet skjer samstundes med at planprogrammet vert lagt ut til offentleg ettersyn (minst 6 veker). Kommunen skal på bakgrunn av innkomne uttalar/merknader, fastsetje endeleg planprogram for plan- og utgreiingsarbeidet. Det skal gjerast greie for innkomne uttalar og merknader og korleis desse er vurdert og ivaretekne i planprogrammet. Planprogrammet skal vedtakast av kommunestyret. Informasjon og medverknad elles i planprosessen vil bli sikra på vanleg måte ved offentleg ettersyn.

2.3 Konsekvensutgreiing (KU) og planprogram

Herøy kommune har vurdert tiltaket etter «Forskrift om konsekvensutredning for plan- og bygningsloven» og har konkludert med at det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing.

Planen fell inn under vilkåra for konsekvensutgreiing, jf. forskrifta, § 2, bokstav d) og f. Området er ikkje tidlegare konsekvensutgreidd.

Konsekvensutgreiinga skal ta opp tema naturmangfald, landskap, forureining (både under og etter anleggsfasen, herunder forureining av sjø og land, støy, og støv), beredskap og ulukkesrisiko, trafikktryggleik i anleggsperioden, havnivåstigning, stormflo og grunntilhøve. Det kan kome til fleire moment som følgje av planprosessen.

2.4 ROS-analyse

Analysen skal avdekke farar og kome med framlegg til tiltak som kan hindre at uønskte hendingar skjer.

3. Skildring av planområdet

3.1 Lokalisering

Planområdet ligg på Eggesbønes i ytre del av Herøy kommune. Området i umiddelbar nærleik er prega av industri og næringsverksamheit, men grensar til friluftsområde i vest og bustadområde i nordvest. Området grensar til sjøareala i Herøyfjorden i sør og Stridestraumen i nordaust.

3.2 Arealbruk

Delar av arealet innanfor plangrensa er i dag brukt til industri. Marine Harvest AS har sine lokaler ytst på Eggesbøneset og har eit tilhøyrande hamneanlegg. Lokala består av ein fabrikk med lakseslakteri. Sørøst for fabrikkbygget ligg det eit delvis utfyllt sjøareal som er tiltenkt nytt industriområde. Det er fyllt ut med massar under havnivået som er tenkt vidare utfyllt til nytt industriområde og hamneanlegg. Resten av området består av utmark (LNF-område i kommuneplanen sin arealdel) med myr, lyng og parti med fjell med tynt vegetasjonsdekke. Det er tenkt regulert inn for etablering av eit fåtals hytter i dette LNF-området.

3.3 Landskap

Landskapet på Bergsøya er eit landskap forma av erosjon frå is, hav, vær og vind. Kystlinja er dominert av bratte berg og innslag av langgrunne strender. Busetnaden er konsentrert til lune vikar og hovudvekta av strandlinjebusetnaden ligg i det lune området mot Straumane og Leinøya. Store delar av Bergsøya består av ope lende, med innslag av skogsområder og noko dyrka mark. Nordsida av øya er dominert av eit aust/vest-gåande fjellparti med bratte kystklipper og små botnar. Sørsida av øya er relativt flat og dominert av eit større våtmarksområde i tilknytning til Myklebustvatnet, eit viktig område blant anna for fleire fugleartar.



Figur 3 Oversiktskart, Eggesbønes markert med svart prikk

3.4 Vegetasjon, dyre- og planteliv

Ingen særskilte registreringar innanfor planområdet.

3.5 Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert fire lokalitetar for kulturminne innanfor planområdet. I tillegg ligg det ein registrert lokalitet i grensa til planområdet i sørvest.

3.6 Landskap og jordvern

Det er ikkje registrert viktige naturtypar, friluftsområde, kulturlandskap eller artsdata innanfor planområdet.

3.7 Forureining (støy, luft og vatn)

Ut i frå det kommunen kjenner til er det ingen registrert forureining innanfor planområdet.

3.8 Lokalklimatiske forhold

Området er skjerma for det meste av vind og bølger. Mest utsett vindretning er frå sør og søraust, og området er difor sett på som ei svært god hamn som gir ly frå dei kraftigaste vindane frå nord til sørvest.

3.9 Risiko for havnivåstigning

Området er sårbart for ekstremvær inkl. havnivåstigning.

Fosnavåg 02.06.2017

Erlend Sporstøl Vikestrand

Planleggar, Herøy kommune



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	TR	Arkivsaknr:	2015/1142
		Arkiv:	L12

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
111/17	Formannskapet	04.07.2017

MINDRE VESENTLEG REGULERINGSENDRING, RØYRA 2.

Tilråding:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-14, 2. avsnitt vert det gjort følgjande endring i føresegnene til reguleringsplan for Røyra 2, vedteken i K-sak 144/06 den 14.12.2006:

§2: "Off. trafikkområde" vert endra til "Trafikkområde"

§5: "Offentleg trafikkområde" vert endra til "Trafikkområde"

Plankartet forblir uendra.

Særutskrift:
Maritim teknisk komite
Berit Kalland
3Dsmia ved Åse Bergset

Vedlegg:

- 1 Vedlegg til sak 2015-1142
- 2 Søknad om ei mindre
vesentleg
reguleringsendring
- 3 Om reguleringsplan for
Røyra 2

Saksopplysningar:

Tiltakshavar for reguleringsplan for Røyra 2, Berit Kalland, har bede om mindre vesentleg reguleringsendring i planen. I planen er trafikkområde køyreveg regulert som "offentleg trafikkområde køyreveg". Det vil seie at det er føresett at kommunen skal ta over og drifte vegen for framtida. Dette inneber krav til vegen i hht kommunen sine retningslinjer og framtidig kommunal drift.

Kalland har innhenta underskrift frå brukarane av vegen og har såleis desse med seg på at vegen og forlenginga av den fortsatt kan vere privat. Veg sørover til nabobyggfeltet er også privat. Kommunen driftar i dag samlevegen i Røyra, men ikkje sidevegane i byggefelta.

Vurdering og konklusjon:

Det har inga praktisk betydning for andre enn dei som skal bygge ut og drifte vegen kor vidt den er offentlig eller privat. Vegen skal uansett byggast i tråd med reguleringsplanen.

Fylkeskommunen har i korrespondanse med sakshandsmar gitt beskjed om at for dei er denne saka uvesentleg og at saka kan handsamast i kommunen etter pbl § 12-14.

Ein rår til at det vert gjort følgjande vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-14, 2. avsnitt vert det gjort følgjande endring i føresegnene til reguleringsplan for Røyra 2, vedteken i K-sak 144/06 den 14.12.2006:

§2: "Off. trafikkområde" vert endra til "Trafikkområde"

§5: "Offentleg trafikkområde" vert endra til "Trafikkområde"

Fosnavåg, 22.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Tanja Rafteseth

Vedlegg til sak 2015/1142 – Delegert vedtak (dok nr 8). Plankart og føresegner m/endringar.

Mindre vesentleg reguleringsendring i reguleringsplan for Røyra 2. Administrativt vedtak etter PBL §12-14. Endringa medfører ingen endringar på plankartet. I reguleringsføresegnene vil

REGULERINGSFØRESEGNER

§ 1. Planområdet generelt

Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense.

§ 2. Reguleringsformål

Planområdet er i samsvar med § 25 i plan- og bygningslova inndelt i følgende formål:

Byggjeområde	-	bustader
Off -trafikkområde	-	køyrevæg
Frionråde	-	frionråde
Spesialområde	-	frisiktlinje
Fellesområde	-	leikeplass

§ 3. Fellesføresegner

1. Reguleringsføresegnene kjem i tillegg til plan- og bygningslova og Herøy kommune sine byggevedtekter.
2. Den endelege arealbruken, utforming av bygningar og tilhøyrande anlegg skal fastleggast ved utarbeiding av byggjemelding. Situasjonsplanen skal ha det innhald og detaljeringsgrad som kommunen finn nødvendig for å ta stilling til den aktuelle utbygginga.
3. Det skal leggst vekt på god arkitektonisk utforming ved planlegging av bygningar. Ein skal også legge vekt på tilpassing til terrenget og eksisterande bygningar.
4. Tekniske anlegg skal ferdigstillast parallelt med utbygginga.
5. Privatrettslege planar i strid med planen er forbode.

§ 4. Byggjeområde for bustader

1. Bustadane kan oppførast som einebustader i maksimalt to etasjar. Der terrenget ligg til rette for det (skrånande terreng) kan det tillast oppført sokkeletasje.
2. Bustadane skal plasserast innanfor byggjegransene.
3. Tillate utnyttingsgrad er 25 % BYA.
4. Maksimal byggjehøgde er 9.0 meter.
5. Takvinkelen skal vere mellom 25 og 35 grader.

§ 5. ~~Offentleg~~ trafikkområde

1. Køyrevæg som vist på planen skal opparbeidast før/parallelt med utbygging av tomtene.

§ 6. Spesialområde

Innanfor frisiktsone skal det vere fri sikt i høgde 0,5 meter over planum veg.

§ 7. Fellesområde

1. Leikearealet er felles for tomtene viste på planen, og skal opparbeidast av bebuarane.
2. Naudsynt sikring mot veg skal etablerast før leikeplassen vert teken i bruk.

Plankart vert som før slik:



Ⓟ BSS

Berit Kalland
Røyravegen 46
6095 Bølandet

 HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg.nr.	Saksbeh.
15 MARS 2016	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.

~~12.11.2015~~

Til Herøy kommune
v/utviklingsavdelinga v/Jan Martin Møller

Rådhusgata, postboks 274

6099 FOSNAVÅG

4.03.2016

Søknad om ei mindre vesentleg reguleringsendring

Eg viser til tidlegare kontakt med kommuna om dette spørsmålet. Søknaden gjeld godkjent reguleringsplan for Røyra 2 datert 14.11.2006. Eg vil med dette søke om ei mindre vesentleg reguleringsendring av køyrevegen som vist på reguleringsplanen (i grå farge på teikninga som ligg ved) frå offentleg trafikkområde til å vere privat veg. Bakgrunnen for denne søknaden er at kostnadane ved å ha ein kommunal standard på vegen vil vere for høge til at eg ser meg syn med å få sette i gong prosjektet med utbygging av området. Informasjon om denne søknaden er lagt fram for dei naboane som har sine tomter knytta til det eksisterande byggefeltet som vist i reguleringsplanen.

Med helsing

Berit Kalland
Berit Kalland

Einur Arne Holkestad 11/3 2016

E. Solund 11/3-2016

Grete Fjærstad 11/3-2016

Arne F. Eide 11/3-2016

Norvald Solibakke 11/3-2016

Inger Grith Storrø 11/3-2016

Heiden Baade 11/3-2016

Roy Willy Hø 11/3-2016

Helge H. Høgen 11/3-16

Herøy kommune
v/ Jarl Martin Møller
postmottak@heroy.kommune.no

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr.	Saksbeh.
24 APR. 2017	
Ark. kode P	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr.
Kassasjon	

Reguleringsplan for Røyra 2

Berit Kalland har kontakta meg angående reguleringsendring/dispensasjonsak for tilkomstvegen i Røyra 2 (godkjend reguleringsplan 14.11.2006). Ho ønskjer at eg skal prøve å nøste trådane i denne saka, og syte for nødvendige progresejon til at ein kan få opparbeida tomter innanfor feltet.

Bakgrunn

Etter som eg forstår, hat Kalland hatt lang og omstendeleg kommunikasjon med kommunen i denne saka. Eg kjenner ikkje detaljane i alt, men påtok meg arbeidet med å lage reguleringsplan i 2003. I «vedtak om oppstart» (18.08.2003) blir tiltakshavar pålagt å inkludere eksisterande bustadfelt i reguleringsplanen for Røyra 2, fordi «vegtilkomsten til det nye feltet vil framstå som ei vidareføring av eksisterande veg».

I oppstartsmøtet (førehandskonferanse) 11.12.2003 vart det sagt at kommunen skulle ta over vegen og VA-anlegget etter utbygging. Det vart ikkje sagt at kommunen ville krevje at tiltakshavar skulle oppgradere eksisterande veg. Så vidt eg kjenner til, vart kravet om oppgradering av eksisterande tilkomst presentert etter at reguleringsplanen var ferdig. Dersom tiltakshavar skal realisere denne oppgraderinga, vil det medføre store kostnader for henne, samt inngrep i naboane sine hagar, -som dei ikkje ønskjer.

Dispensasjonssøknad og søknad om mindre vesentleg reguleringsendring

Eg har fått kopi av to brev som Kalland har motteke frå kommunen i saka, datert 12.08.2015 og 30.03.2016. I det eldste brevet, som er svar på ein dispensasjonssøknad, skriv de at det ikkje kan gjevast dispensasjon frå det som er vedteke i reguleringsplan. Kva lovverk eller føreskrift baserer de avslaget på?

I det siste brevet, som er svar på søknad om «mindre vesentleg reguleringsendring», gir sakshandsamar ein del instruksar for korleis ein reguleringsplan skal utarbeidast. Mi vurdering er at plan og bygningslova (sjå under) opnar for at Herøy kommune kan velje å handsame denne saka administrativt.

§ 12-14. Endring og oppheving av reguleringsplan

For utfylling, endring og oppheving av reguleringsplan gjelder samme bestemmelser som for utarbeiding av ny plan.

Kommunestyret kan delegere myndigheten til å treffe vedtak om mindre endringer i reguleringsplan eller til å vedta utfyllinger innenfor hovedtrekkene i reguleringsplanen.

Før det treffes slikt vedtak, skal saken forelegges berørte myndigheter, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket, skal gis anledning til å uttale seg. Jf. for øvrig § 1-9.

Plandokumenta som vart utarbeida i 2003 (planen godkjend i 2006) har ein annan struktur, -og anna innhald, enn ein reguleringsplan skal ha etter gjeldande plan og bygningslov. I brevet datert mars 2016 verkar det som de ønskjer at tiltakshavar skal utarbeide nok ein plan, etter at ho har streva med å realisere desse tomtane sidan 2003.

Vegen som er prosjektert i samband med reguleringsplanen for Røyra 2, er vist 4 meter brei + skuldrar, og med radius på 6 m i krysset (veg 1-veg 2) og med radius på 5 meter i snuhammarane. I brevet frå 2016 er det vist til ein kommunal vegleiar (for kommunale vegar?) som eg ikkje finn på

Herøy kommune sine heimesider. Uansett meiner eg at vegen svarar ut kommunen sine krav sidan vegen vart godkjend i 2006. Dersom det er behov for større radier, kan det justerast innanfor vegformålet i planen utan å utarbeide ein ny reguleringsplan.

Mogeleg løysing

Eg meiner at reguleringsplanen for Røyra er «teknisk» god, -mellom anna er tilkomsten detaljprosjektert. Ved å krevje nye plandokument påfører ein tiltakshavar unødig med kostnadar og ulempe. Etter som eg forstår, har alle naboar til den eksisterande vegen samtykka i Kalland sitt forslag til løysing, som går ut på at ho opparbeider vegen frå eksisterande veg, og vidare opp i feltet.

Eg meiner at Herøy kommune kan vurdere å omregulere vegarealet frå offentleg til privat veg som ei *mindre endring* etter PLB §12-14, og handsame dette *administrativt* etter plan og bygningslova. Alternativt kan kommunen velje å gje tiltakshavar dispensasjon frå kravet om vegstandard forbi eksisterande tomter.


Ein av hovudintensjonane med den nye plan og bygningslova er å redusere sakshandsamingstida. §12-14 er litt utydelege, men det er meininga at kommunane skal ha større råderett enn før til å avgjere saker som ikkje er kompliserte. I denne saka har naboane samtykka i skisserte løysing, og det er ein føresetnad for realisering av nye tomter at Kalland slepp å oppgradere eksisterande veg på grunnarv kostnadane.

Eg ber om at de vurderer saka på nytt, og håpar de kan foreslå ei løysing som ikkje medfører ytterlegare unødvendige kostnader for Kalland.

Valsøybotn, 22. april 2017

Med venleg helsing

Åse Bergset



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JMM	Arkivsaknr:	2017/663
		Arkiv:	N02

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
112/17	Formannskapet	04.07.2017

UTTALE TIL RUTEENDRINGSPROSESSEN 2018 FOR FERJE- , HURTIGBÅT OG BUSSRUTER

Tilråding:

Herøy formannskap viser til innspela slik det går fram av saksutgreiinga og sender desse til Møre og Romsdal fylkeskommune for vidare vurdering.

Særutskrift:
Møre og Romsdal fylke
Ungdomsrådet
Ungdomspanelet
Eldrerådet
Råd for menneske med nedsatt funksjonsevne

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje—, hurtigbåt— og bussrutene starter i august 2017 og fylkeskommunen har bede om innspel. Saka har vore lagt ut til høyring på nettside og sosiale media og har vore drøfta i ulike fora internt i kommunen.

Saksopplysningar:

Fylkeskommunen har framskynda prosessen og tidsplanen i årleg ruteendringsprosess for å betre tid til å behandle dette i dei politiske utvala, samt for å få ei god framdrift og eit godt sluttresultat. Dette mellom anna for å få levert rutehefta ut rettidig til 1.mai 2018. Fylkeskommunen har fått pålegg frå Samferdselsdepartementet om at ruteinformasjon skal vere tilgjengeleg for kundane 4 månadar før ny ruteperiode, noko som i praksis betyr i midten av desember 2017.

Saka har vore lagt fram for eldrerådet, ungdomsrådet, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og det har vore mogleg å kome med innspel frå kommunen sine nettsider og sosiale media.

Eldrerådet sine innspel:

I Herøy har enkelte bygder dårleg eller manglande busstilbod, spesielt i helgane. Nokre bygder har tilbod om bestillingstransport med Fram Flexx, men dette tilbodet gjeld ikkje når det er skulefri. Etter opplysningar vi har fått så verkar det som tilbodet er for lite kjent og at det i tillegg kan vere vanskeleg å finne fram til rutetabellane då eldre personar kan ha vanskar med databruk.

Brosjyrer og plakater om Fram Flexx ser heller ikkje ut til å vere oppdaterte. Det står framleis plakatar der det mellom anna står at tilbodet varer til mars 2015. I rutetabellane på nettet står det at den er gyldig frå 5.1.2015 og i brosjyre frå 4.1.2016. Det vert fastlagt nye ruter for all kollektivtransport den 1. mai kvart år. Omlysningar om rutetidene til Nettbuss og Fram Flexx er ikkje koordinerte slik at ein må søkje på fleire stader for å finne rutetidene. Dette er både tungvint og forvirrande. Har ein tillegg vanskar med databruk blir det ekstra vanskeleg å nytte seg av busstilbodet.

I tillegg er det til dels manglande korrespondanse på Garneskrysset. Det hjelper lite kor mange bussar som går mellom Fosnavåg og Hareid dersom korrespondansen til andre distrikt er mangelfull.

Busstransport med korrespondanse til og frå nattbussen til Oslo på Garneskrysset manglar også. Etter dei opplysningar som er innhenta er det dårleg samarbeid mellom Nettbuss Ekspress og Nettbuss som fylket samarbeider med..

Det må vere mogleg å bu i bygdene våre og å kunne bruke kollektivtransport til å reise vidare som t.d. flyplassen i Ørsta eller Ålesund og også kome seg heim etter reise, eller til ein handletur til nabokommunane. Det er svært viktig at buss, båt og ferje korresponderer.

Mange pensjonistar er utan sertifikat mellom anna av helseårsaker og betre busstilbod vil auke livskvaliteten deira.

Tiltak som vil betre busstilbodet vil vere:

- korrespondane med nattbuss til og frå Oslo på Garneskrysset
- korrespondanse med dagbuss til Oslo, Bergen og Trondheim
- at dei bygdene som i dag ikkje har tilbod om bestillingstransport med Fram Flexx får det
- at tilbodet om Fram Flexx vert gjort betre kjent og at det vert trykt opp ruter der alle rutetider går fram (både dei ordinære ruter og Fram Flexx) for utdeling til dei aktuelle husstandane. Det må også gå fram om det er korrespondanse med andre ruter.

Eldrerådet vil be om at ein gjennomføre tiltak som betrar busstilbodet for eldre og at det blir sett i verk tiltak som gjer det lettare å finne fram til rutetidene.

Det må ryddast i plakatar og brosjyrer som gir missvisande opplysningar.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne :

Rådet peikar på at buss ikkje går nedom Eggesbønes og dette får negative konsekvensar for brukarane. Ein ber om at fylkeskommunen tek omsyn til dette i den vidare prosessen.

Ungdomsrådet i Herøy kommune:

Ungdom er opptatt av samferdsel og kanskje ungdom i utkantane er ekstra opptatt av dette. Tilbod utanom foreldre sine skyssplikter er ofte lite tilrettelagte og lite tilpassa ungdomane sine behov.

Herøy ungdomsråd er som ungdomspanelet i Møre og Romsdal opptatt av at samferdsel er tilrettelagt for ungdomen og ikkje omvendt. Ein er opptekne av enkle fleksible løysingar som møter ungdomane sine behov og som ikkje minst viser kva tilbod ungdomane har. Ein ønskjer gode frekvensar på busstilbodet i tider då ungdomen ikkje er på skule. Det må leggjast til rette for gode tilbod frå ulike bygdelag i Herøy som har korrespondanse med ruter inn til hovudaksen FV654 frå Fosnavåg mot dei andre kommunesenterane Hareid, Ulsteinvik, Larsnes og Volda.

Ungdom i Herøy er opptatt av fleksibilitet og at ein kan ta den bussen som passar best for den reisande. Det kan ikkje vere slik at når ein går på bussen ved Herøy vidaregåande skule at bussjåføren nektar å stoppe i Tjørvåg, men først kan setje av passasjerar i Myrvåg. Ungdomen forventar fleksibilitet og serviceinnstilte bussverter som er til for dei reisande. Vi forventar faktisk at når vi trykker på knappen så stoppar bussen på næraste busshaldeplass!

Ungdomen vil ikkje vere låst av at busskort gjeld i bestemte tidsperiodar eller på bestemte bussruter til eller frå skulen. Ungdom vil ha FRITT val uansett tidspunkt og ruter.

Fylkeskommunen legg vekt på barn og unge sin trivsel er viktig for framtidig busetting i fylket. Faktisk så seier Fylkeskommunen at ein pliktar å ivareta barn og

unges interesser i planlegginga og ein framhevar i sine planar at barn og unge er ei viktig målgruppe for dei fylkeskommunale tenestene.

Dette er flotte ord som ein håper kan realiserast ved at vi som ungdom får :

bruke bussen når VI vil
at busstilbodet er tilpassa der VI bur og til vår rytme utanfor skuletida
at vi vert møtt med respekt av flinke servicevertar som set sikkerhet høgt
at vi får gode kollektivtilbod i helgane
at busstopp får skilt som viser kva buss-stoppet heiter og at dette samsvarer med elektroniske rutetabellar og app.
at vi får sanntidsvisning på buss-stoppp
at rutetabellar vert hengt opp på buss-stoppp

Ungdomen i Herøy er opptatt av fleksible tilpassa tilbod i distrikta, heilt i tråd med fylkeskommunen sin eigen fylkesplan.

Vi er opptatt av at ein høyrer på brukarane av tenesta. Både innbyggjarundersøkelser og vår eigen Ungdata undersøkelse viser at ein ikkje er nøgd med kollektivtilbodet.

Skal kollektivtilbodet i framtida aukast må ein byrje med å legge til rette tilbodet for ungdomen. Får ungdomen gode positive erfaringar med å nytte kollektivtilbodet vil dette auke bruken av tilbodet på sikt.

Vi er den rette målgruppa å begynne med ! Legg tilboda tilrette for oss så skal vi bruke tilbodet aktivt.

Ungdomsrådet i Herøy kommune har vore i dialog med Ungdomspanelet i Møre og Romsdal fylkeskommune og fått følgjande støtteerklæring:

Vi i Ungdomspanelet har samferdsel som eit eige tema i handlingsprogrammet våra. Det er ein grunn til. Under kvart Ungdommens Fylkesting har vi saker, debatter og engasjement rundt samferdselstilbodet i Møre og Romsdal, dette fører til fleire nye vedtekter kvart år. Unge frå heile fylket, frå alle kommunane, har einstemmig vedtatt at Ungdomspanelet skal jobbe med å betre kollektivtilbodet, dette vorte vedtatt fleire år på rad – utan unntak. Det viser til at ungdom overalt i fylket, ikkje berre i Herøy, treng bussane. Med skuleskyssen, er vi den største brukargruppa knytt til buss. Likevel er det ofte slik at det er vi, ungdom i ungdomsråda, som må streve med å prøve å nå fram med brev og gjennom media – i staden for at ansvarspersonar skal ta kontakt med oss og vise forbettringslyst i retning ungdom!

Vi har forståing for at ikkje alle kan få til busstilbodet slik som dei vil ha, at dette er eit stort økonomisk spørsmål og eit puslespel å få til. Vi har høyrte desse argumenta før, det er ikkje det vi er ute etter å høyre no – vi vil vite kva som skal gjerast i ungdom si retning og kvifor andre av vore ønsker ikkje vert prioritert. Det er ikkje slik at å setje av elevar på nærmaste busstopp når dei trykker på stoppknappen vil vere eit økonomisk problem for fylket. Heller ikkje at ein elev, i staden for å køyre heim med skuleskysskortet, skal køyre til ein venn eller slektning. Det å henge opp skilt med busstopppnamn på alle busstoppa og ein rutetabell, er å tenke på kunden og hans komfort under reisa – det er det vi vil ha. Vi vil verte sett på som likeverdige kundar, som faktisk betaler for denne tenesta, og ønsker funksjonalitet i forhold til vore liv.

På den andre sida må ikkje vi gløyme at mykje har gått rett veg når det gjeld samarbeid mellom ungdom og kollektivtransportaktørar. Vi er takknemlege for justeringar som har vorte gjort for oss, og at dykk har stadig vorte ein meir aktiv aktør i arbeidet i ungdomsråd og ungdomspanelet. Det er derfor vi veit at vi kan verte høyrte, for dykk vil høyre oss, men vi vil også ha noko å seie i dei faktiske vedtektene som verte gjort framover og vi vil sjå at vore innspel etter er satt ut i liv.

Ungdomspanelet i Møre og Romsdal

Andre innspel:

Innspel som er oversendt til kommunen frå andre kjelder går på Oslo- bussen som går frå Fosnavåg og ventetid i Ulsteinvik. Vidare har ein motteke innspel på busskorrespondanse mot Volda og antall bytter (3) i den forbindelse.

Vurdering og konklusjon:

Ein har motteke mange og konstruktive innspel i prosessen og ein vil særskilt drage fram ungdomen si røyst i dette arbeidet. Ungdomsrådet har engasjert seg sterkt og ungdomsrådet er opptekne av spørsmål knytt til samferdsel. Med støtteerklæringa frå Ungdomspanelet i fylket bør ungdomen sine merknadar takast til vurdering og vidare oppfølging i ruteendringsprosessen.

Rådmannen rår formannskapet å sende innspela som ein har motteke i samband med ruteendringsprosessen over til Møre og Romsdal fylke slik det går fram av saksutgreiinga.

Fosnavåg, 20.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jarl Martin Møller



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Staben

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JVDH	Arkivsaknr:	2017/795
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
18/17	Arbeidsmiljøutvalet	09.06.2017
113/17	Formannskapet	04.07.2017

OPNINGSTID VED RÅDHUSET SOMMAREN 2017

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Arbeidsmiljøutvalet - 09.06.2017

Arbeidsmiljøutvalet tilrår at det for sommaren 2017, i perioden frå og med veke 27 tom og med veke 31, vert innført avgrensa opningstid ved rådhuset.

Opningstida ved rådhuset skal i perioden vere mellom 09:00 til 15:00.

Tilråding:

Rådmannen tilrår at det for sommaren 2017, i perioden frå og med veke 27 tom og med veke 31, vert innført avgrensa opningstid ved rådhuset.

Opningstida ved rådhuset skal i perioden vere mellom 09:00 til 15:00.

Særutskrift:

- Leiar for Servicetorget
- Arbeidstakarorganisasjonane
- Hovudverneombod

Vedlegg:

Samandrag av saka:

Administrasjonen har vurdert opningstida ved rådhuset i sommar, nærare bestemt i juli og fyrste veka i august. Det er saka bl.a. teke omsyn til tenestelevering, samarbeid med avdelingane på rådhuset og tilgjengelegheit.

Saksopplysningar:

Rådhuset i Herøy kommune har vanleg opningstid mellom 08:00 og 16:00, måndag til fredag året rundt. Telefonsentralen er open mellom 09:00 og 15:00, måndag til fredag året rundt.

Leiar frå Servicetorget har kome med førespurnad om det kan vere føremålstenleg å reduserer opningstida i sommar. Grunngevinga for tiltaket er bl.a arbeidsbelastning over tid i samband med vakant stilling. Leiar for Servicekontoret melder at dette, i lag med mindre moglegheit for fleksibilitet over tid, vil kunne føre til helseutfordringar for dei tilsette. På grunn av vaktordninga (vakt i skranke og telefonvakt) gjer at avdelinga er sårbar ved fråvær. Dette må sjåast i lys av minimumsbemanning (2 medarbeidarar) i samband med ferieavvikling. Ei kortare opningstid vil også gje meir rom for sakshandsaming og førefallande kontorarbeid m.m. i førekant og etterkant av opningstida.

Leiar for Servicetorget har sett fram forlag om redusert opningstid i sommar.

Førespurnaden vart handsama i leiargruppa for Staben den 1. juni. Stabsleiarane er samde i at dette kan være eit føremålstenleg tiltak. Ei redusert opningstid vil ikkje svekke tenestene til dei andre avdelingane. Tilgjengelegheita vil sjølvstøtt verte noko redusert, men leiargruppa meiner dette ikkje vil gå ut over servicen avdelingane vil gje. I perioden det her er tale om, er det både ferieavvikling i organisasjonen og elles. Leiargruppa meiner også at det ikkje vil stå fram som negativt for publikum å ha ei avgrensa opningstid midt på sommaren, då dette ofte er vanleg i andre bransjar.

Kommunalsjef for Stab har også drøfta saka med Kommunalsjef for Samfunnsutvikling, som ikkje kan sjå at ei redusert opningstid i «fellesferien» vil ha særskilt påverknad på samarbeidet mellom sektoren og Servicetorget i ein slik avgrensa periode. Tenesteleveranse vil heller ikkje verte påverka i særleg grad.

Vurdering og konklusjon:

Administrasjonen kjem etter ei samla og heilskapleg vurdering til at det i perioden frå og med veke 27 tom og med veke 31, er tilrådeleg med avgrensa opningstid frå 09:00 til 15:00.

Tiltaket vil ikkje ha særskilt negativ innverknad på tenestelevering, samarbeid med avdelingane på rådhuset og tilgjengelegheit i ein «fellesferieperiode».

Tiltaket vil kunne ha positiv HMS-effekt for medarbeidarane i Servicetorget.

Konsekvensar for folkehelse:

Tiltaket vil ikkje ha negativ konsekvens for folkehelse.

Konsekvensar for beredskap:

Tiltaket vil ikkje ha tyding for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Tiltaket vil ha liten eller inkje negativ påverknad på drifta.

Fosnavåg, 01.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Kommunalsjef Stab

Sakshandsamar: Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	LSH	Arkivsaknr:	2017/498
		Arkiv:	611

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
114/17	Formannskapet	04.07.2017

AVTALE OM MASSEUTTAK OG KNUSING AV STEIN PÅ MJØLSTADNESET INDUSTRIOMRÅDE

Tilråding:

Herøy formannskap godkjenner vedlagt avtale mellom Herøy kommune og Prosjektbygg as vedkomande uttak og knusing av stein på Mjølstadneset Industriområde.

Særutskrift:
Kommunalsjef Samfunnsutvikling

Vedlegg:

Vedlegg

- 1 Vedlegg til avtale
- 2 Avtale om masseuttak og knusing av stein på Mjølstadneset industriområde

Saksopplysninger og vurdering:

Det har vore uttak av stein i fleire år ved Mjølstadneset industriområde. Ordninga har vore gunstig for både kommunen og entreprenørar då kommunen har fått planert industritomter og entreprenørar har hatt tilgong til steinmasser. Sidan 2005 har det vore inngått avtalar med fleire som har blitt forlenga. I 2011 vart alle avtalar mellombels forlenga i F-sak 143/11, men sidan har ikkje det vore formell godkjenning i formannskapet.

I samband med tomtereservasjon av eit større areal (Silfas) er det no naudsynt og få ferdigstilt området og administrasjonen har sett på gjeldande avtaler. Denne saka gjeld avtale med Farstad Maskin as som no vert formalisert gjennom firmaet Prosjektbygg as.

Avtalen ligg vedlagt og skal sikre masseuttak i parkbeltet slik at myrmasse som i dag ligg på det reserverte tomtearealet kan førast dit for å stelle til parkbeltet. Først når det er gjort får ein sprengt ut resterande tomteareal. I avtalen er det med eit punkt om at avtalen opphøyrer og entreprenør må rydde området på 1 månads varsel dersom tomtegrunnen vert kjøpt. Rådmannen vurderar avtalen som særskild viktig i arbeidet for å få klart tomteareal som pr. i dag er reservert og rår til at avtalen vert godkjent slik at arbeida kan starte.

Konsekvensar for folkehelse:

Ikkje konsekvensar for folkehelse. Avtalen legg opp til at arbeida skal utførast etter gjeldande regelverk som legg føringar for støy og støv.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen

Konsekvensar for drift:

Ingen

Fosnavåg, 26.06.2017

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Lene Søvik Huldal



1:1500

27.06.2017



Kartopplysninger som kreves ved omsetning av eigedomar, skal bestillast skriftleg hjå kommunen. Kommunen står ellers ikkje ansvarleg for feil i kartet.

Avtale mellom

Prosjektbygg AS

og

Herøy kommune

om

uttak, knusing og lagring av masser på
Mjølstadneset industriområde

1. AVTALEPARTAR

Avtalen er inngått av Herøy kommune (org.nr964 978 840) og Prosjektbygg AS (org.nr. 966 768 673).

2. OMRÅDE OG OMFANG

Avtalen gjeld uttak og knusing av steinmasser på eit avgrensa område på Mjølstadneset industriområde, merka 1-3 på vedlagt kart datert 27.6.2017. Prosjektbygg AS er ansvarleg for at sprenging og anna arbeid ikkje går ut over kommunen sin eigedom.

3. SPRENGING OG KNUSING AV STEIN

Sprenging skal utførast etter til ei kvar tid gjeldande regelverk for slikt arbeid. Boring, meisling, sprenging og knusing kan berre føregå kvardagar (måndag – fredag) kl 08.00 – 16.00. Det må takast særskilt omsyn til pumpestasjon for avlaup og tilhøyrande leidningsnett. Mobilt knuseverk kan plasserast innanfor område merka med 3 på kartvedlegg.

4. LAGRING AV MASSER

Masser som er tatt ut frå området kan mellombels lagrast på område merka med 3 på kartvedlegg. Det er ikkje høve til å lagre eksterne masser på området.

5. PARKBELTE

Parkbelte skal berre stellast til med stadlege masser. Tilstelling skal minske verknaden av inngrepet etter masseuttak og danne ein naturleg overgang til naturområda.

6. HØGDER

Terrenget skal sprengast ned og planerast til høgder bestemt av Herøy kommune ved Anleggs- og driftsavdelinga. Det skal undersprengast 80 cm.

7. AVTALETIDSROM/FRAMDRIFT

Avtalen gjeld frå og med Herøy formannskap har godkjent den til og med 30. april 2018. Eventuell forlenging av avtalen kan avtalast mellom partane.

Avtalt etappevis framdrift:

- a. Område markert 1 og 2 vert sprengt ut innan 30. august 2017.
- b. Masser i område markert 1 vert tatt ut omgåande og plassert i område 3 for knusing/mellombels lagring. Området vert då frigitt for tilstelling med stadlege masser, dette kan også utførast av andre. Moldmasse ved området vert ført tilbake i området for tilstelling av Prosjektbygg AS.
- c. I område 2 kan den sprengte massa som ikkje skal knusast ligge mellombels lagra.

8. HMS

Prosjektbygg as er ansvarleg for alle forhold/reglar med omsyn til HMS vert fylgt slik at det ikkje oppstår fare for menneske, dyr eller eigedom. Arbeida skal utførast på ein mest mogleg skånsom måte for naboar og liknande. Arbeidet er ikkje tinga av Herøy kommune og Herøy kommune har soleis ikkje noko byggherreansvar.

9. ATTERHALD/MERKNADAR

- a. Ved misleghald kan avtalen seiast opp med 1 månads varsel. Brot på nokon av punkta i denne avtalen er å sjå på som misleghald.
- b. Manglande oppfylging av eller brot av påbod frå kommunen eller anna offentleg instans vert sett på som misleghald av avtalen.
- c. Prosjektbygg as er ansvarleg for naudsynt sikring som td. inngjerding.
- d. **Dersom tomtegrunn vert selt eller tilrettelegging av tomteareal må utførast i løpet av avtaleperioden, pliktar Prosjektbygg as og rydde/stelle til på 1 månads varsel og avtalen opphøyrer.** Kommunen skal ikkje vere ansvarleg for eventuelle kostnader ei slik avslutning medfører.

VEDLEGG: Kartutsnitt datert 27.6.2017.

Stad/dato

Stad/dato

For Herøy kommune
Kommunalsjef Samfunnsutvikling
Jarl Martin Møller

For Prosjektbygg AS
Dagleg leiar
Sindre Arne Thorseth

Referatsaker

RS 72/17 Referat 190617 - Sande, Vanylven og Herøy. Referat 190617 - Sande, Vanylven og Herøy. 19.06.2017 00:00:00

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 20.06.2017 10:26:04
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Referat 190617 - Sande, Vanylven og Herøy.

Fra: Andreas Chr. Nørve
Sendt: 19. juni 2017 18:24
Til: Dag Vaagen; Arnulf Goksøyr; Lena Landsverk Sande
Kopi: Oddbjørn Indregård; Olaus-Jon Kopperstad; Andreas Chr. Nørve
Emne: Referat 190617 Sande Vanylven og Herøy II.docx

Hei,

Eg har lagt ved eit kort referat frå møte i dag.

Ta kontakt dersom noko er uklart og/eller dersom det er feil i referatet.

Med helsing

Andreas Chr. Nørve rådmann
Vanylven kommune



Tlf 700 30000 | Dir 70030002



VANYLVEN

— OTH GRADIR SI B GOTO —

MØTEREFERAT

MØTE MELLOM VANYLVEN, SANDE OG HERØY KOMMUNE

Dato og møtestad:	19.06.17, formannskapssalen i Sande Rådhus
Til stades:	<u>Ordførarar:</u> Lena Marie Landsverk Sande, Dag Vaagen og Arnulf Goksøyr <u>Rådmenn:</u> Andreas Chr. Nørve, Oddbjørn Indrevaag og Olaus-Jon Kopperstad.
Tid:	10:00 – 11:30

Sakliste:		Ansvar:
1.	Bakgrunn for møte Vanylven kommune har teke initiativ til møte fordi vi har eit ønskje om å søkje samarbeid på kompetansekravjande områda, og har vedteke følgjande tidsplan for utgreiing: 2017: IKT – informasjon- og kommunikasjonsteknologi 2018: Løn/rekneskap 2019: Plan/teknisk 2020: Barnevernstenesta 2021: PPT – pedagogisk-psykologisk teneste Vanylven kommune ønskjer ein dialog med aktuelle samarbeidskommunar om dette, og dette er bakgrunnen for møte mellom Sande, Vanylven og Herøy kommune.	
2.	Tankar rundt interkommunalt samarbeid I møte var Sande, Vanylven og Herøy kommune einig om at vi kvar for oss vil vere sårbare på fagområde med få tilsette, og at det var behov for å vurdere samarbeid på fleire fagområde, som til dømes barnevern, rekneskap, løn/personal og planarbeid. På andre område kan det vere eit ønskje om å kunne samarbeide om felles funksjonar for å spare ressursar, som til dømes dersom kommunane kunne ha ein felles brannsjef. I tillegg er det spesialstillingar der vi kan få utfordringar ved rekruttering, som til dømes stilling som kommunepsykolog. Vi ynskjer å ha fokus på gode prosessar, med brei involvering. Vi arbeider ope, med fokus på å skape tillit. Vi er også einige i at vi opnar for exit-mulegheiter, slik at det er rom for å prøve og feile	

3.	Utfordringar med interkommunalt samarbeid Det var i møte drøfta utfordringar med interkommunalt samarbeid, og spesielt dette med kostnadsfordeling. I tillegg var det fokus på korleis vi skal få til ei gevinstrealisering ved interkommunalt samarbeid. På møte var det også understreke at vi ved utgreiing av eventuelle samarbeidsområde, må vere bevisst på at det i bestemte stillingar kan vere eit krav om at personen er tilsette i kvar kommune..	
4.	Kvifor må vi samarbeide og korleis skal vi samarbeide Kommunane var einig i at det er viktig å ikre og styrke fagmiljøa våre, med tanke på at vi alle har ein del område vi er sårbare på. Vi må sikre «redundans»; skape robuste fagmiljø og samtidig sikre gevinstrealisering. På møte var kommunane einig i at ved utgreiing av interkommunale samarbeid, må vi ha fokus på å skape «identitetsbevarande» samarbeid – dette slik at kvar kommune kan byggje opp fagmiljø på sine rådhus.	
5.	Konklusjon Vanylven og Herøy kommune vil legge fram fellessak om samarbeid rekneskap, løn og personal. Vanylven og Herøy kommune vil utgreie fellessak om samarbeid på planområdet til hausten. Sande kommune må ta saka opp administrativt og politisk før dei kan gje signal om kva dei ynskjer vidare, men er i utgangspunktet villige til å delta i samtalar. Sande kommune er invitert til å delta i samtalar rundt desse to fagområde, dersom Sande kommune ønskjer å vurdere samarbeid på desse fagområda. Sande, Vanylven og Herøy kommune har dialog på administrativt nivå, for å sjå på framtidig organisering av barnevernstenesta.	

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]

Sendt: 06.06.2017 11:01:40

Til: Lisbeth Moltu Espeseth

Tittel: Korrigert utskrift møteprotokoll kontrollutvalet - HE 02-17 sak 16-17 Kommunerekneskapen med årsmelding 2016

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Sigrid Torbjørnson <sigrid.torbjornson@vestkontroll.no>

Dato: 31.05.2017 12:55 (GMT+01:00)

Til: Olaus-Jon Kopperstad <olaus-jon.kopperstad@heroy.kommune.no>, postmottak
<postmottak@heroy.kommune.no>

Ko: Geir Egil Olsen <geir.egil.olsen@heroy.kommune.no>

Emne: HE - Korrigert utskrift møteprotokoll kontrollutvalet - HE 02-17 sak 16-17 Kommunerekneskapen med årsmelding 2016

Hei!

Det vart oppdaga nokre skrivefeil i tidlegare utsende HE 02-17 sak 16-17 Kommunerekneskapen med årsmelding 2016.

Lagt ved er korrigert utskrift av protokoll frå kontrollutvalsmøtet 22.05.2017: HE 02-17 sak 16-17 Kommunerekneskapen med årsmelding 2016, som skal fylgje rekneskapssaka via formannskapet til kommunestyret.

Håpar det ikkje skapar mykje bry.

Med helsing



Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Tlf. 70 03 04 46/936 56 704

sigrid@vestkontroll.no



VEST KONTROLL

RECHEN- UND FINANZSYSTEME



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	16/17	212	22.05.2017

SAK 16/17 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2016

Samrøystes uttale

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2016 datert 24. april 2017.
2. Kontrollutvalet meiner at Herøy kommune sitt årsrekneskap som viser kr 479.572.384 fordelt på rammeområda og som viser eit netto driftsresultat på kr 41.783.489 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 22.492.725 kan godkjennast. Årsrekneskapen er sett saman av balanse pr 31.12.2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter, notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Vedlegg:

- Rekneskap 2016 med revisjonsmelding.
- Årsrapport 2016.

Saksopplysningar

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2016.

Driftsrekneskapen viser kr 579.572.384 til fordeling drift. (Kr 562.099 mill. i 2015). Det kjem fram at rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 22.492.725. (Kr 16.325.108 i 2015).



Revisjonsmeldinga

Uttale om årsrekneskapen

Konklusjon

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2016 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjon

Rekneskapen er revidert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, dei internasjonale revisjonsstandardane der oppgåver og plikter for revisjon av årsrekneskapen går fram, bl.a at etiske forpliktingar vert halde. Innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for revisjonen sin konklusjon.

Ytterligare informasjon

Dette er rådmannen sitt ansvar og består av årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Revisjonen sin uttale dekker ikkje ytterligare informasjon. Dersom revisor ved gjennomlesing av ytterligare informasjon ser at den inneheld vesentleg feilinformasjon skal dei rapportere om det. Revisor har ingen ting å rapportere.

Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen

Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift i dette at det vert gitt eit rettvisande bilde i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

At intern kontroll som gjer det mogleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Formål med revisjon er å oppnå trygg sikring for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller utilsikta feil.

Det skal giast ei revisjonsmelding som inneheld konklusjon.

Revisjonen utøver profesjonelt skjønn og skepsis gjennom heile revisjonen. For tillegg sjå revisjonsmeldinga.

Uttale om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimelig samsvar med regulert budsjett.

Konklusjon om årsmelding

Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.



Økonomisk og annan informasjon

Her vert det vist til årsrapport og årsrekneskap for 2016 som fylgjer saka.

Rekneskapen

Rekneskapen inneheld dei obligatoriske opplysningane og notane som gir svært god informasjon.

Årsrapporten

Det vert vist til dokumentet og særleg til omtalen av dei økonomiske tilhøva.

Oppsummering

For å gi uttale om rekneskapen er det særleg viktig å sjå over det som handlar om økonomi i årsmelding og rekneskap.

Rådmannen har lagt fram ei grei, oversiktleg og informativ årsmelding med rekneskap for 2016. Det kan likevel vurderast å gjere årsmeldinga kortare.

Rett utskrift

Åram 31. mai.2017

Sigrid Torbjørnson

Konsulent



VEST KONTROLL
SEKRETARIAT FOR KONTROLLUTVAL

Utskrift til: **Kommunestyret** – Saka skal fylgje rekneskapssaka frå rådmannen via formannskapet til kommunestyret



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kontrollutvalet
Stad:	Herøy Rådhus, Møterom 1
Dato:	22.05.2017
Tid:	14.00 – 17.30

Medlemer som møtte:

Gerhard Furø	Leiar	
Oddbjørg Karen Remøy	Medlem	

Forfall:

Hege Nedreberg Vestavik	Medlem	
Ove Kåre Remøy	Medlem	
Stian Elvseter	Nestleiar	Ikkje meldt fråfall

Varamedlemer som møtte:

Gunnar Sævik		Hege Nedreberg Vestavik
Malene Remøy	Vara mld fråfall pga sjukt born	

Frå Vest kontroll møte:

Jostein Støylen	Dagleg leiar	
Sigrid Aa. Torbjørnson	Konsulent	

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS) møte:

Bodill Skeide	Sjefsrevisor	
Alf Marius Grønnevedt	Forvaltningsrevisor	

Gerhard Furø
Leiar

Oddbjørg Karen Remøy
Medlem

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no] Sendt: 31.05.2017 14:00:26 Til: Hilde Bringsvor Skinnes Tittel: Endring i organisasjonen - politiet

Fra: Olav Sindre Rise [mailto:Olav.Sindre.Rise@politiet.no]

Sendt: 30. mai 2017 15:01

Til: 'post@aukra.kommune.no'; 'postmottak@aure.kommune.no'; 'post@averoy.kommune.no'; 'postmottak@eide.kommune.no'; 'postmottak@frana.kommune.no'; 'post@giske.kommune.no'; 'post@gjemnes.kommune.no'; 'post@halsa.kommune.no'; 'postmottak@haram.kommune.no'; 'postmottak@hareid.kommune.no'; 'postmottak@heroy.kommune.no'; 'postmottak@kristiansund.kommune.no'; 'postmottak@midsund.kommune.no'; 'postmottak@molde.kommune.no'; 'postmottak@nesset.kommune.no'; 'post@norddal.kommune.no'; 'post@rauma.kommune.no'; 'post@rindal.kommune.no'; 'sande.kommune@sande-mr.kommune.no'; 'post@sandoy.kommune.no'; 'postmottak@skodje.kommune.no'; 'postmottak@smola.kommune.no'; 'postmottak@stordal.kommune.no'; 'post@stranda.kommune.no'; 'post@sula.kommune.no'; 'post@sunndal.kommune.no'; 'post@surnadal.kommune.no'; 'postmottak@sykkylven.kommune.no'; 'postmottak@tingvoll.kommune.no'; 'postmottak@ulstein.kommune.no'; 'postmottak@vanylven.kommune.no'; 'postmottak@vestnes.kommune.no'; 'postmottak@volda.kommune.no'; 'post@orskog.kommune.no'; 'postmottak@orsta.kommune.no'; 'postmottak@alesund.kommune.no'; Postmottak Møre og Romsdal politidistrikt

Emne: Endring i organisasjonen - politiet

Til kommunane i Møre og Romsdal

Vedlagt fylgjer brev frå Møre og Romsdal politidistrikt om endringar i organisasjonen.

Med vennleg helsing

Olav Sindre Rise

Kommunikasjonsrådgjevar

Møre og Romsdal politidistrikt

Telefon: <90197723 / 70118845>

E-post: <mailto:Olav.Sindre.Rise@politiet.no>
www.politi.no



Til kommunane i Møre og Romsdal

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Deres referanse:

Vår referanse:

Ålesund 30.05.2017

Ny organisasjon i politidistriktet

1. juni er ein viktig milepæl for Møre og Romsdal politidistrikt. Etter eitt og eit halvt år med interimsløysingar, startar no oppbygginga av den nye organisasjonen til det nye politidistriktet. Frå denne dagen set ein i drift fire funksjonelle driftseiningar og tre leiarstøttestabar.

Mykje av byggarbeidet står likevel att og korkje publikum, offentlege styremakter eller andre som til vanleg samarbeider med politiet, vil ved denne milepælen merke mykje endring. Dette er innleiinga på ei svært aktiv periode i periode i politiet. Difor vil vi nytte dette høvet til å informere om det som skjer og det skal skje framover.

Samstundes kan det vere greitt å merke seg den nye adressa til vårt postmottak: post.moreogromsdal@politiet.no.

Frå torsdag vert fylgjande nye funksjonelle driftseiningar bli sette i drift:

- **Felles eining for operativ teneste** – einingsleiar Unni Moen Vikebakk
- **Politiets sikkerhetsteneste** – einingsleiar Steinar Strand Olsen
- **Felles eining for påtale** – einingsleiar Elin Anja Drønne
- **Felles eining for etterretning, forebygging og etterforskning** – einingsleiar Kjell Arne Hestad
- **Felles enhet for utlending, forvaltning og sivil rettspleie** – einingsleiar Marianne Nørgaard Aae

Dessutan vert fylgjande stabar for leiarstøtte oppretta:

- **Verksemdstyring** – einingsleiar Marianne Nordås Frøland
- **HR og HMS** – einingsleiar Alf Stormo
- **Kommunikasjon** – einingsleiar Olav Sindre Rise

Møre og Romsdal Politidistrikt

Ålesund
Post: Postboks 1353 Sentrum, 6001 ÅLESUND
Besøk: Nedre Strandgate 50

Tlf: 70 11 87 00
Faks: 70 11 87 02
E-post: post.moreogromsdal@politiet.no

Org. nr.:
Giro:
www.politi.no

Frå same dato vert dei funksjonelle driftseiningane frå dei to gamle politidistrikta lagde ned.

Det er tilsett leiarar for funksjonelle einingane og leiarstøttestabane og ein er no i ferd med å plassere inn seksjonsleiarar og avsnittsleiarane i desse.


For ei knapp veke sidan fekk vi også den endelege avgjerda frå Justisdepartementet når det gjeld den lokale sturkuten for politidistriktet – i alt skal det vere politistasjon eller lensmannskontor fylgjande stadar: Vanylven, Herøy, Ulstein, Ørsta, Sykkylven, Stranda, Ålesund, Haram, Vestnes, Rauma, Molde, Fræna, Sunndal, Surnadal, Tingvoll, Kristiansund, Smøla og Aure.

Desse tenesteeiningane vert vidare delte opp i fire geografiske driftseiningar: Søre Sunnmøre, Nordre Sunnmøre, Romsdal og Nordmøre. Desse einingane skal vere i drift frå 1.3.2018.

Den neste viktig milepælen for Møre og Romsdal politidistrikt vert driftssettinga av den nye operasjonssentralen i Politihuset i Ålesund 27. september. Samstundes vert operasjonssentralen i Kristiansund lagt ned. Eit par månader etterpå flyttar Møre og Romsdal 110-sentral inn vegg i vegg der dei skal styre brannvesenet i heile fylket.

Når vi fått endeleg fastlagt den geografiske strukturen, kan også arbeidet med å sette opp bemanningsplanar for dei ulike einingane starte. Nokre tilsette skal halde fram i sine jobbar, andre skal skifte arbeidsplass og arbeidsoppgåver. Arbeidet med å få dette puslespelet med rundt 550 tilsette skal skje i ein på alle måtar betryggande prosess. Ein reknar difor ikkje med å ha slutført dette personalløpet før utgangen av året.

Med vennleg helsing



Ingmar Farstad

Visepolitimeister

Møre og Romsdal politidistrikt



70,6

DRIFTSRESULTAT (76,6)

55,8

RESULTAT FØR SKATT
(62,1)

KRAFTPRODUKSJON GWh (235)

306

OMSETNING (310)

298

TOTALKAPITAL (2 341)

2 416

EIGENKAPITALPROSENT (34,8)

35,6

REKNESKAP 1. TERTIAL 2017

Rekneskapen for 1. tertial 2017 syner eit driftsresultat på 70,6 mill. kr (76,6) og eit resultat før skatt på 55,8 mill. kr (62,1). Omsetninga vart 298 mill. kr (310), totalkapitalen er 2 416 mill. kr (2 341) og eigenkapitalprosenten er 35,6 % (34,8). Netto finans syner eit resultat på -14,8 mill. kr (-14,5). Tilsvarande tal for 1. tertial 2016 står i parentes.

Konsernet har ein reduksjon i driftsresultatet på 6,1 mill. kr samanlikna med tilsvarande periode i 2016. Kraftproduksjonen og nettverksemda er dei største bidragsytarane til resultatet. Samtidig er resultatet i nettselskapet hovudårsak til resultatreduksjonen. Dette har samanheng med at nettselskapet i 2016 hadde ei eingongsinntekt som følgje av fusjonen mellom Tafjord Kraftnett og Tussa Nett. Resultatet innanfor kraftproduksjon viser ei positiv utvikling samanlikna med 1. tertial 2016, og for dei andre dotterselskapa er resultatutviklinga også positiv.

Netto finans utgjør -14,8 mill. kr for konsernet ved utgangen av tertialet. Dette er 0,3 mill. kr lågare enn ved tilsvarande tertial i fjor. Gjennomsnittleg lånerente på eksterne lån var 3,7 % ved utgangen av tertialet. Årsaka til den forholdsvis høge lånerenta er avtale om rentesikring inngått i 2013. Del av sikra gjeld og durasjon ligg innanfor rammene av gjeldande rentesikringsstrategi.

Det er bokført 24 % skatt av selskapsresultata ved utgangen av tertialet. I tillegg er det bokført 13,6 mill. kr (4,8) i grunnrenteskatt basert på faktisk pris og produksjon i perioden. Skattekostnaden er 48 % av konsernresultatet før skatt, mot 29 % i 2016.

Resultat etter skatt er 28,8 mill. kr, som er 15,1 mill. kr lågare enn ved 1. tertial 2016.

ENERGI

Kraftproduksjon

Akkumulert kraftproduksjon var på 306 GWh (235 GWh). Produksjonen ved utgangen av tertialet er om lag 118 % av normalproduksjonen for perioden. Tilsiget hittil i år har vore 160 % av normalt. Magasinfyllinga ved utgangen av tertialet var på 22 %, som er noko større enn normalen for årstida.

Modernisering og utbygging

Førebuing av oppgradering av turbinane på Tussa Kraftverk, som skal gjerast i 2018, er godt i gang. Dei smidde emna til dei nye turbinhjula er klare for maskinering.

Detaljplanane for Tenneelva kraftverk (vel 10 GWh) er no til handsaming i NVE, og vi tek sikte på anleggstart i haust. Osdalen kraftverk (knappe 16 GWh) har framleis ikkje fått løyve til nettilknytning, og vi veit difor ikkje når prosjektet kan settast i gang.

I april vart det lekkasje på tilløpsrøret på Nettet kraftverk (vel 2 GWh). Det var eit rusthol på det 70 år gamle røret. Det vert no vurdert å leggje ny rørgate, og inntil vidare er kraftverket ute av drift. Elles har det vore normal drift og vedlikehald i perioden.

Kraftomsetning

Vassmagasina i Norden er litt under normale for årstida. Låge temperaturar i vår gjorde at snøsmeltinga stoppa opp, og det kom mindre vatn i magasina. I nord har mykje nedbør og store snømagasin ført til lågare prisar enn i dei andre prisområda i denne perioden. Hydrobalansen i Norden er ved utgangen av 1. tertial 12 TWh under normalen.

Det har i all hovudsak vore eksport av energi frå Norden i perioden. Stabil og høg produksjon av kjernekraft og hydrologien har vore dei viktigaste prisdrivarane i perioden. Fallande prisar på klimavoter, i tillegg til framleis låge råvareprisar på kol og olje har dempa prisutviklinga.

Gjennomsnittleg spotpris på NordPool pr. 1. tertial 2017 var 27,7 øre/kWh (22,3 øre/kWh). Områdeprisen i Ørsta følgjer systemprisen i NO3 og gjennomsnittet pr. 1. tertial 2017 var på 28,0 øre/kWh (21,8 øre/kWh).

Kraftnett

Tussa eig 46,34 % av det felleskontrollerte føretaket Mørenett. Tussa sin del av selskapet er difor konsolidert inn i Tussa sin konsernrekneskap.

Hovudårsaka til nedgangen i resultatet i høve same tid i fjor, er at vi i 2016 mottok eingongsinntekt som følgje av fusjonen mellom Tafjord Kraftnett og Tussa Nett. Netto finansresultat er noko dårlegare og skuldast større lånevolum enn det vi hadde hittil i fjor.

Det blir i alle ledd arbeidd for å nå måla i den langsiktige planen om at kostnadsbasen i nettmonopolet i 2018 skal gjere selskapet 100 % effektivt. Det er så langt ikkje meldt om avvik i forhold til dette.

Eit anna hovudmål med fusjonen er å leggje grunnlaget for god leveringskvalitet til kundane. I samband med dette er det arbeidd med prosessforbetringar og beredskapsarbeid. Mørenett hadde 1. tertial samla KILE-kostnader på 3,0 mill. kr som er 4,6 mill. kr betre enn på same tid i 2016. Hovudårsaka er at det ikkje har vore større utfall i nettet denne perioden.

Utførande aktivitet i nettet har vore god dette tertialet. Dette gjeld både innanfor drift og vedlikehald, og innan ny- og reinvesteringar. Samla investeringar var på 52,6 mill. kr.

Mørenett vurderer å slå saman avdelingane sine i Hovdebygda og Dragsund slik at dei får ein felles oppmøtestad.

Med verknad frå 1. mai 2017 er ekstern entreprenørverksemd i Mørenett fusjonert med BKK Enotek.

IKT

Forretningsområdet IT har hatt ei stabil og positiv utvikling. Datasenteret vårt har god kapasitet til å ta imot nye kundar i åra som kjem. Vi arbeider med å vidareutvikle løysingane og produktkonseptane både ut mot kundane og på datasenteret.

Innanfor området kommunikasjon har vi ved utgangen av 1. tertial ein vekst på 3,1 mill. kr samanlikna med 1. tertial 2016. Vi opplever størst vekst innanfor hushaldsmarknaden, der vi tilbyr internett, TV og telefoni. Så langt har vi levert fiber til 7082 hushald og 454 bedrifter.

INSTALLASJON

Ved utgangen av 1. tertial har vi ein auke i omsetninga på 4,7 % samanlikna med same tid i 2016. Frå tredje kvartal i 2016 har vi hatt ein svak vekst i omsetninga likt fordelt på dei fleste marknadsområda. Montørkapasiteten er godt tilpassa volumet i marknaden. Vi forventar at framgangen i omsetning vil halde seg utover i 2017.

Det er normal ordreserve i selskapet for resten av 2017 og litt ut i 2018. I tillegg vert det rekna på fleire interessante prosjekt for 2018.

Rekneskap Tussakonsernet

TAL I TUSEN KR

RESULTAT 1. TERTIAL

	2017	2016	2015
Salsinntekt	82 132	91 348	80 027
Energisal	103 539	86 456	104 419
Nettinntekt	95 225	124 255	86 670
Andre driftsinntekter	17 057	8 331	22 400
Sum driftsinntekter	297 953	310 390	293 516
Varekostnad	24 366	28 842	27 040
Energikjøp og overføringskostnad	51 775	54 982	45 876
Lønskostnad	73 816	72 199	74 353
Annan driftskostnad	34 455	34 982	38 594
Sum driftskostnad før avskr.	184 411	191 005	185 862
EBITDA	113 542	119 385	107 654
Avskrivning og nedskrivning	42 974	42 753	41 387
Driftsresultat	70 568	76 632	66 266
Finansinntekter	310	310	4 794
Finanskostnader	15 082	14 815	22 448
Resultat før skatt	55 796	62 128	48 612
Estimert skattekostnad	26 961	18 143	22 930
Resultat etter estimert skatt	28 835	43 984	25 682

BALANSE 1. TERTIAL

	2017	2016	2015
Anleggsmidler	2 109 101	2 042 319	2 024 250
Omløpsmidlar	306 438	298 821	285 045
Sum eignedelar	2 415 540	2 341 139	2 309 295
Eigenkapital	831 442	771 232	765 052
Perioderesultat	28 835	43 984	25 682
Avsetning for forpliktingar	22 301	25 296	27 125
Langsiktig gjeld	1 236 701	1 250 365	1 227 134
Kortsiktig gjeld	296 261	250 261	264 303
Sum gjeld og eigenkapital	2 415 540	2 341 139	2 309 295

RESULTAT 1. TERTIAL

	OMSETNING		EBITDA		DRIFTSRESULTAT		RESULT. FØR SKATT	
	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016
Kraftproduksjon	118 409	96 182	54 343	34 555	40 702	21 081	34 881	15 327
Kraftomsetning	85 201	76 866	3 740	1 360	3 678	1 355	3 631	1 371
Nett	107 957	135 356	42 048	70 677	25 759	54 384	22 961	51 959
IKT	53 031	52 114	16 518	15 627	4 396	4 016	1 981	1 738
Installasjon	35 502	33 917	885	-94	333	-669	366	-604
Andre	10 097	15 224	-4 012	-2 802	-4 434	-3 364	-8 140	-7 432
Konsernelimineringar	-112 243	-99 269	18	63	134	-170	116	-232
Sum	297 953	310 390	113 542	119 385	70 568	76 632	55 796	62 128

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 19.06.2017 11:53:16
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Rapport for 1. tertial 2017 - Tussakonsernet

Fra: Ann Kristin Einbu [<mailto:Ann.Kristin.Einbu@TUSSA.NO>]

Sendt: 14. juni 2017 13:53

Til: Postmottak Hareid; postmottak; Sande Kommune; Ulstein Postmottak; Resepsjon postmottak; V-Postmottak; Ørsta postmottak

Emne: Rapport for 1. tertial 2017 - Tussakonsernet

Hei

Vedlagt ligg tertialrapport 1 2017 for Tussakonsernet.

Med venleg helsing

Ann Kristin Einbu | Kommunikasjonssjef | TUSSA KRAFT AS

Tlf. dir.: 70 04 62 91 | Mobil: 474 19 665 | ann.kristin.einbu@tussa.no | www.tussa.no | [Facebook](#)

TUSSA – MED KRAFT TIL Å SCAPE

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@heroy.kommune.no]
Sendt: 06.06.2017 11:08:20
Til: Lisbeth Moltu Espeseth
Tittel: Utskrift frå møteprotokoll 22.05.2017 kontrollutvalet

Fra: Sigrid Torbjørnson [<mailto:sigrid.torbjornson@vestkontroll.no>]
Sendt: 31. mai 2017 11:25
Til: postmottak
Emne: HE - Utskrift frå møteprotokoll 22.05.2017 kontrollutvalet

Hei!

Lagt ved er utskrift av protokoll kontrollutvalsmøte 22.05.2017 HE 02-17 SAK 20/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR – DRØFTING.
Tilbakemelding til kommunestyret.

Med helsing



Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Tlf. 70 03 04 46/936 56 704
sigrid@vestkontroll.no



VEST KONTROLL

HAFTUNG FÜR FOLGENSCHÄDEN



UTSKRIFT

frå

M Ø T E PROTOKOLL

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Herøy kommune	20/17	047	22.05.2017

SAK 20/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR - DRØFTING

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet meiner rådmannen har gjort ei grundig saksbehandling og at det er opp til kommunestyret om å få momenta som er påpeika i denne, juridisk vurdert.

Vedlegg

KN-sak 5/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR

Saksopplysning

Viser til vedlegg som grunnlag for drøfting av vidare handsaming i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet hadde gjennomgang og drøfting av oversendingssaka frå kommunestyret.

Rett utskrift

Åram 23. mai.2017


Signid Torbjørnson

Konsulent



VEST KONTROLL
SEKRETERIAT FOR KONTROLLUTVAL

Utskrift: Kommunestyret – tilbakemelding jf. vedtak
KN-sak 5/17 JENSHOLMEN NORD – RDA-MIDLAR



VEST KONTROLL

6149 ARAM

Saksnr
2016/685

Arkiv
243

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / OMR

Dato
14.03.2017

KN-SAK 5/17. JENSHOLMEN NORD - RDA MIDLAR

Kommunestyret gjorde i møte 09.03.2017 slikt vedtak i saka:

Saka vert sendt over til kontrollutvalet.

Møtebehandling:

Dokument lagt fram i møte:

Notat frå rådmannen i KN-sak 5/17. Administrativ vurdering av vedtaket.

Karl Petter Sortehaug stilte habilitetsspørsmål. Han er medlem av styret i Herøy næringsforum. Han går frå under handsaming av habilitet. Han vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6 1. ledd bokstav e.

Saka vart drøfta. Kommunestyret vedtok mot 9 røyster å sende saka over til kontrollutvalet.

Med helsing

Brit Berge
e.f.

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur



NOTAT

Til: Kommunestyret

Komite for næring, kultur og idrett

Frå: Rådmannen

Saksnr
2016/685

Arkivkode
243

Dato
09.02.2017

KN-SAK5/17 - ADMINISTRATIV VURDERING AV VEDTAKET

Rådmannen viser til KommuneLOVA § 23 nr. 2 som seier at *Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet, og at vedtak blir iverksatt. Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll.*

Lovkommentaren til kommunelova utdjupar § 23 med at *ansvaret for å påse at en sak er tilstrekkelig utredet, omfatter også eventuelle rettslige tvilsspørsmål. Administrasjonssjefen vil derfor ha plikt til å gi uttrykk for det hvis han/hun mener at det er rettslige mangler ved et forslag til vedtak eller den saksforberedelse som har gått forut for dette. Mener administrasjonssjefen at et truffet vedtak er ulovlig, vil han/hun likeledes ha plikt til å gjøre vedkommende folkevalgte organ, og eventuelt kommunestyret eller fylkestinget, oppmerksom på dette.*

Bakgrunn for saka

Jensholmen Nord v/Kåre Jensholm søkte om støtte til etablering av molo tilbake i 2012. Søknaden gjaldt på det tidspunktet både ein flytande molo og ein steinmolo. Kåre Jensholm er registrert som styremedlem og kontaktperson for Jensholmen Nord på Brønnøysundregisteret. Rådmannen går ut frå at Kåre Jensholm har hatt naudsynte fullmakter til å søkje på vegne av Jensholmen Nord og har ikkje krevd dette dokumentert.

Søkjar har frå 2012 til vedtaket i 2016 kome med ny/endra informasjon/søknadar gjennom utsending av brev og e-postar til ulike paratar. Søknaden frå 2012 har aldri blitt registrert på www.regionalforvaltning.no slik kommune krev og eventuelle endringane er då ikkje fanga opp av kommunen sitt arkivsystem.

Herøy næringsforum innstilte i møte 18.03.2016 fylgjande:

Styret oppfordrer Jensholmen Nord til å arbeide med alternativ finansiering til å slutføre denne flotte båthavna. Det vert ikkje sett av midlar til dette prosjektet. Styret ser heller ikkje at dette er eit breidt nok /allmenyttig nok prosjekt å innstille RDA midlar til.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde fylgjande vedtak 23.05.2016, sak 42/16:
Komite for næring, kultur og idrett ber om at styret i Herøy Næringsforum ser på søknaden på nytt særleg i forhold til at moloane skal vere opne for publikum og at det vert lagt til rette for funksjonshemma, for gjestebrygge, servicebygg og tanking.

Herøy næringsforum gjorde slik vurdering 30.09.2016:
Styret i Herøy Næringsforum opprettheld tidlegare innstilling på søknaden frå Jensholmen Nord.

Komite for næring, kultur og idrett gjorde fylgjande vedtak 21.11.2016, sak 70/16:
Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 2.000.000,- i 2017 og kr. 2.000.000,- i 2018 til molo på Jensholmen. Nord. Dette er ihht. tiltaket samfunnsutvikling / infrastruktur i Handlingsplan for 2016, mål 2.a.. Løyvinga for 2018 vert gitt med forbehold om at RDA-ordninga vert vidareført.

